

# Referat

**STYREMØTE NR. 1 i ØIL – 12.04.2016**

Møte		Referat	
<b>Dato</b>	12.04.2016 kl. 19:00	<b>Deltakarar</b>	Arne Lunestad / leiar Frank Kjøsnes / nestleiar Giedre Keturakiene / kasserar Rune Vik / skrivar Linn Beate Haugsland Ur/ styremedl. Silje Laupsa Mo/ styremedlem Marit Buttingsrud/ styremedlem Åshild Bekkesletten/ 1. vara Ola Fjerdingen/ fotballgruppa Lillian Kvamsøy / boccia-gruppa Leiv Sandven / trimgruppa Olav Kreken/ orientering ----- Vidar Torsvik / leiar 2015 Kari Mostad / kasserar 2015 Liv Helen Osa/ styrelem 2015
<b>Stad</b>	Holmatun	<b>Forfall</b>	
<b>Referent</b>	Rune Vik	<b>Kopi</b>	
<b>Neste møte</b>	<b>Onsdag</b> <b>27.04.2016 kl. 19:00</b>		

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
<b>1.1</b>	<b>Saker</b>		
.1	<u>Godkjenning av førre styremøtereferat</u>  Det ligg ikkje føre møtereferat frå styremøte i framkant av årsmøte. Protokoll etter årsmøtet må signerast.	info	Skrivar
.2	<u>Info til nye styremedlemer om ØIL</u>  Vidar Torsvik orienterte om Øystese idrettslag, om faste arrangement og om grupper knytt til hovudlaget, m.v.	info	
.3	<u>Medlemskontingent – utsending av fakturaer</u>  Oppdatert medlemsliste for 2016 må leverast Vekstra v/ Trude Torvund, for utkjøring av fakturaer. <ul style="list-style-type: none"> <li>• På giro må det gå fram at epostadresse og fødselsdato skal påførast ved betaling.</li> </ul> Pakking fakturaer og utlevering til postkassar på neste styremøte, onsdag 27.04.16 kl. 19.	straks	Kasserar
.4	<u>Idrettsregistrering i KlubbAdmin</u>  Nytt av året er at idrettsregistreringa skal skje på plattforma	27/4	Styret i ØIL/ Styret i fotballgruppa

	KlubbAdmin.no. Ny frist for registrering er av idrettsforbundet sett til 30.04.16.		
	- Registrering av medlemer 2015 + små grupper, m.v. - Registrering av hovudstyret i ØIL - Søknad om momskompensasjon - Registrering for fotballgruppa / Øystese fotball	30/4 30/4 30/4 30/4	Styret i ØIL v/skrivar Styret i ØIL v/kasserar Styret i ØIL v/kasserar Styret ØIL-fotball
.5	<u>Årsmøte i foreininga Holmatun – torsdag 14.04.2016 kl. 19</u>  ØIL er ein av 13 medlemer som står som eigar av foreininga Holmatun, og dermed samfunnshuset. Økonomien for huset har vore dårlig i mange år, der utgiftene har vore større enn inntektene.  I innkallinga til årsmøtet er det fremja sak om oppløysing av Holmatun, samt val av styringsgruppe for oppløysing. Grunngjevinga er at sitjande styre for Holmatun ikkje ser korleis dei skal snu den negative trenden.	Info	
	Frå ØIL-styret møter følgjande på årsmøtet: - Arne Lunestad - Rune Vik	14/4	
.6	<u>Øystese-trimmen og utvikling av arrangementet</u>  Konkuransedelen av trimmen har dei seinare år hatt lita deltaking. For å få litt meir fart i arrangementet må det gjerast grep. - Torild Kveberg har tidlegare meldt interesse for å delta i ei utviklingsgruppe for trimmen. - Marit Buttingsrud ynskjer å delta i ei slik gruppe.  Me må få på plass 2-3 personar til. Tenkje på dette til neste styremøte.	Info	Styret
.7	<u>17. mai – innslag i folketoget</u>  Hilde Børven som leiar av 17. maikomiteen har sendt følgjande forespurnad på epost 03.04.2016 (sitat):  <i>Det har heller vore labert med innslag i folketoget i Øystese dei siste åra. Om dette har noko med omgjeringa av 1 tog i stadenfor for 2 slik som tidlegare er vanskeleg å vita. Men me er litt bekymra for at engasjementet for 17.mai feiringa i Øystese skal dø ut om me ikkje prøver å få liv i toget att, eller finn på noko nytt. Det har vore ein tradisjon å gje pengepremie til det laget som har det beste innslaget (5000 kr). Det har vore diskusjonar rundt dette, sidan det ikkje har vore nokon å gje premien til dei 2 siste åra. Skal me fortsetje med å gje pengepremier så er me avhengige av at nokon orkar å ta seg bryet med å finna på nokre sprell. Kanskje er tida med morotog i Øystese forbi? Men me vil høyra med dei frivillige laga som pleier å stilla i toget om de har tankar om å laga til noko, elles trur eg at denne pengepremien må kuttast ut.</i>  Uttale frå ØIL Øystese idrettslag stiller kvart år under ØIL-fana. Mange ungar og ungdomar tilhøyrande laget går stort sett i tog med barneskulen, skulemusikken, speidaren, m.v. Trur derfor ikkje at ØIL kjem til å delta med moroinnslag. Men det vil uansett vere synd om toget vert	27/4 info	Styret

	heilt utan kreative innslag.  Tilbakemelding må gjevast til 17. mai-komiteen.		Skrivar
<b>1.2</b>	<b>Fotballgruppa</b>		
<b>1.3</b>	<b>Friidrett/trimgruppa</b>		
<b>1.4</b>	<b>HC-gruppa</b>		
<b>1.5</b>	<b>Symjegruppa</b>		
<b>1.6</b>	<b>Hoppgruppa</b>		
<b>1.7</b>	<b>Orientering</b>		
<b>1.8</b>	<b>Økonomi</b>		
.1	<u>Støtte til Øystese fotballs G16-lag skal delta på Norway cup</u>  <p>Sitat frå søknad / epost datert 20.02.2016:</p> <p><i>Dette er første gang disse guttene er med på en stor turnering i denne aldersklassen. 17 gutter i alderen 15-16 år har meldt seg på til turneringen, samt at begge trenerne vil være med.</i></p> <p><i>Vi er nå i en prosess med å melde på lag og ordne med overnatting, bespisning og transport. Vi har innhentet en del priser, blant annet vil det koste hver enkelt deltaker 2300,- for bespisning og overnatting på skole. I tillegg vil vi ha behov for transport til/fra og i Oslo.</i></p> <p><i>Vi vil ha noen dugnader der spillerne kan hjelpe til med å redusere sin egenandel, samtidig som at vi vil engasjere foreldrene i dette arbeidet. Allikevel vil egenandelen for spillerne bli forholdsvis høy.</i></p> <p><i>Vi søker herved Øystese idrettslag om støtte for å delta på Norway cup 2016, og håper på et positivt svar.</i></p> <p>Ola Fjerdingen opplyser at Øystese fotball har støtta laget med kr 5000.</p> <p>Vurdering: Budsjett 2016 innheld post for støtte til cup-deltaking. Mellom anna plar ØIL gå inn med kr 15 000 i støtte til Lerum cup i Sogndal, same støttebeløp som fotballgruppa. ØIL har tidlegare støtta Norway-cup-deltaking</p> <p>Vedtak: ØIL støttar G16-laget si deltaking på Norway cup med kr 5000.</p>	Info	
<b>1.9</b>	<b>Eventuelt</b>		
	<b>Styresaker fra 2015 under oppfølging</b>		styret
	<u>Webprofil for ØIL i sosiale medier</u>		
1.1.2	Gammal/utdatert ØIL-heimeside må fjernast. Vidar T. har snakka med Jan Tjosaas (IKTAL) som i si tid stod som administrator for heimesida.	info	

	<b>Styresaker frå 2014 under oppfølging</b>		
3.1.7	<p><u>Øystese idrettslag (ØIL) – vegen vidare</u></p> <p>Utover fotballen i ØIL er aktiviteten i dei ulike gruppene relativt låg. Allidrett for born opp til 10 år drive av Leif og Åshild i vinterhalvåret, er kanskje det viktigaste bidraget. Elles har laget Øystesetrimmen m/ open hall-arrangement, Torefjellstrimmen som del av ”Kom deg ut dagen” og idrettsmerkeprøve.</p> <p>ØIL er også ein aktør i samfunnsdebatten ved at styre har kome med innspel til kommuneplan og barnehageplan, m.v. Vidare har ØIL støtta ulike føremål i andre lag som kunne generere fysisk aktivitet.</p> <p>Samtidig har idrettslaget ansvar for hoppbakken i Myrane, eig 1/3 av Sjusete skisenter, og forvaltar ein formue på ca. ½ mill kr.</p> <p>Vedtak: ØIL-styret startar eit arbeid med å sjå på kva rolle ØIL kan spela i tida framover (tidshorisont). Er det bruk for eit allidrettslag i Øystese ?</p>		styret
	<b>Tidlegare styresaker frå 2013 under oppfølging</b>		styret
8.3	<p><u>Problemstilling treningsavgift / medlemsavgift</u></p> <p>Må avklarast/løysast på eit seinare møte.</p>		
7.1	<p><u>Arkivering ØIL-dokument</u></p> <p>Serverløysingar som ”Drop-box” m.v. Kari sjekkar opplegg.</p>		
	<b>Tidlegare styresaker frå 2012 under oppfølging</b>		styret
4.1.9	<p><u>Rydding i og sannering av ØIL-historikk/arkivmateriale</u></p> <p>Protokollar m.v. står på ein pall på Fruktlageret. Sjekk med Kvam herad om innlevering av historisk materiale.</p>		

Rune Vik/ skrivar